

Partilovnemnda
Postboks 14
6801 FØRDE

Miljøpartiet Dei Grøne
v/økonomiansvarleg Jarle Fagerheim
Skippergata 33
0154 OSLO

Oslo, 17. september 2013

Tolkingsfråsegn om partimedlemskap og engasjementstid for revisorar

Vi syner til e-post 23. april 2013 frå Miljøpartiet Dei Grøne (MDG) v/ Jarle Fagerheim, økonomiansvarleg i hovudorganisasjonen, med spørsmål om dei nye revisorkrava i partilova § 21 a. Paragrafen vart lagt til ved lov 1. februar 2013 nr. 6, og gjeld frå 1. mars 2013, jf. kgl.res. 1. februar 2013 nr. 128.

Spørsmåla gjeld tolkinga av partilova § 21 a tredje ledd, som har slik ordlyd:

Den som reviderer og godkjenner et politisk partis regnskap etter første ledd, kan ikke samtidig være medlem av partiet eller ha en samlet engasjementstid i partiet som overstiger åtte år. For revisjonsselskap gjelder dette den som er utpekt som ansvarlig revisor.

Av § 21 a fyrste ledd fylgjer at revisjonsplikta etter revisorlova § 2-1 gjeld hovudorganisasjonane i partia. Også før lovendringa gjekk det fram av tidlegare § 21 tredje ledd at rapporteringa frå partias hovudorganisasjonar skulle være godkjent av revisor. Lova hadde likevel ingen føresegner om at revisor ikkje kunne vere medlem av det partiet han eller ho reviderte, slik det nå er fastsett. For rekneskapsåret 2011, som er siste rekneskapen som er innrapportert, var i alt 16 av partias hovudorganisasjonar omfatta av revisorkravet.

I e-posten frå Miljøpartiet Dei Grøne vert følgjande fire spørsmål stilt:

- 1) Er 1.3.2013 å tolka som ein absolutt frist til å engasjera ny revisor, det vil seia vi i dag bryt lova?
- 2) Må ein revisor som stettar krava i den nye lova attestera for innrapporteringa for rekneskapsåret 2012 til SSB i juni?
- 3) Eller er det tilstrekkeleg å få engasjert ny revisor i tide til å få revidert rekneskapsåret 2013?

Adresse:
Partilovnemnda
Postboks 14
6801 FØRDE

Kontaktperson:
Tor Henriksen
Tlf. 22 00 37 60
Mob. 992 93 988

E-post:
fmoatoh@fylkesmannen.no

4) Eller er det tilstrekkeleg å få engasjert ny revisor i tide til å få revidert rekneskapsåret 2014?

Av partilova § 24 andre ledd bokstav a fylgjer at Partilovnemnda har kompetansen til å "tolke reglene i denne loven og i forskrift gitt med hjemmel i loven".

Ved den kongelige resolusjonen 1. februar 2013 vart det bestemt delt ikraftsetjing av Stortingets vedtak 10. januar 2013 til lov om endringar i partilova. Endringane, med unntak av ny § 18 a, § 18 b, § 20 a og § 20 b, gjaldt frå 1. mars 2013, mens ikraftsetjinga for desse føresegnene er 1. januar 2014. Konsekvensen av den raske ikraftsetjinga av § 21 a er ikkje kommentert i forarbeidet til lova, jf. Prop. 140 L (2011-2012).

Etter Partilovnemndas syn vil det vere i strid med prinsippet om at lover ikkje skal ha tilbakeverkande kraft å gjere kravet om partiuavhengig revisor gjeldande for rekneskapsåret 2012.


Det vil heller ikkje stemme godt med dette prinsippet – og i alle fall vere veldig upraktisk – om kravet til partiuavhengig revisor skulle bli gjeldande midt i eit rekneskapsår. Ut i frå desse reelle omsyna bør forbodet mot partimedlemskap for revisorar etter nemndas syn ikkje bli gjeldande før 1. januar 2014, slik at første revisjon vil være av rekneskapsåret 2014.

Når det gjelder føresegna om at engasjementstida for revisor ikkje skal vere lenger enn åtte år, er det etter nemndas syn ingen reelle omsyn som tilseier at føresegna ikkje skal vere gjeldande frå lovens ikraftsetjingsdato 1. mars 2013. Det inneber altså at hovudorganisasjonane – i relasjon til denne føresegna – kan ha same revisor engasjert frå ikraftsetjing til 28. februar 2021, og det burde gje meir enn lang nok tilpassingstid.

###

Emnet for denne tolkingsfråsegna vart drøfta av ei samla nemnd i møte 24. juni 2013. Deretter vart eit utkast til fråsegn samrøystes godkjent av nemnda etter e-postsirkulasjon blant alle nemndas medlemmer etter møtet.

For Partilovnemnda



Tor Henriksen
sekretariatsleiar